



Møteprotokoll

Utval: Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Møtestad: Tonstad

Dato: 7.5.2014

Tidspunkt: 10.00 – 13.30

Faste styremedlemmer som møtte

Namn	Funksjon	Representerer
Leiv Rygg	Medlem	Bygland kommuen
Margunn Nedrebø	Medlem	Gjesdal kommune
Trine L Danielsen	Medlem	Forsand kommune
Brit Olimstad	Medlem	Kvinesdal kommune
Jonny Liland	Nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	Medlem	Suldal kommune
Tarald Myrum	Styreleiar	Valle kommune
Oddmund Ljosland	Medlem	Åseral kommune
Maiken Messel	Medlem	Aust-Agder fk.
Oddlaug Tjomsland	Medlem	Vest-Agder fk.

Faste styremedlemmer som hadde meldt forfall

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Bjåen	Medlem	Bykle kommune
Ole Tom Guse	Medlem	Forsand kommune
Ånen Werdal	Medlem	Hægebostad kommune
Hilde Gunn Bjelde	Medlem	Rogaland fk.

Varamedlemmer som møtte

Namn	Møtte for	Representerer
Tor Hallvard Mostøl	Ragnhild Bjåen	Bykle kommune

Frå administrasjonen møtte

Namn	Stilling
Tarjei Haugen	Områdeforvaltar
Alf Odden	Områdeforvaltar
Guro Sødergren	Områdeforvaltar
Mikkel E Christensen	Områdeforvaltar

Underskrift

Vi stadfester med underskriftene våre at det som står i møteprotokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Tor Hallvard Mosdøl (sign.)

Trine L Danielsen (sign.)

Sakliste

Utvalls- saksnr.	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr.
ST 13/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/14	Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 15/14	Referatsaker		
ST 16/14	Orienteringssaker		
ST 17/14	Godkjenning av utkast til Forvaltningsplan for SVR		2014/1877
ST 18/14	Forespørsel fra Sira-Kvina KS om alternativ saksbehandlingsrekkefølge for søknad om etablering av nytt elvekrftanlegg i SVR og Frafjordheiane		2013/4855
ST 19/14	Søknad om tilskot til forprosjekt - DNT Sør - "Håheller utvikling"		2014/1743
ST 20/14	Justering av verneforskrifta for SVR - preparering av skiløyper		2014/1487
ST 21/14	Søknad om dispensasjon til motorferdsel i SVR i samband med trening av fuglehundar		2014/1514
ST 22/14	Søknad om dispensasjon til nybygg i Grytdalen hyttefelt innenfor SVR landskapsvernområde- Gunn Ertevåg og Fredrik Waage, Sirdal kommune		2014/1612
ST 23/14	Forslag til befaringsmål for verneområdestyret for SVR		2014/1885
ST 24/14	Årsmelding 2013		2014/1831
ST 25/14	Eventuelt		2003/2670

ST 13/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i styremøtet

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjende.

Vedtaket var samrøystes.

ST 14/14 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i styremøtet

Trine L Danielsen og Tor Hallvard Mosdøl vart føreslegne til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Trine L Danielsen og Tor Hallvard Mosdøl vert valde til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

ST 15/14 Referatsaker

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i styremøtet

Forvaltingssekretariatet la fram oversyn over delegerte vedtak gjort i sekretariatet etter delegasjonsfullmakt frå AU. Oversynet var sendt ut saman med møteinnkallinga. Ingen hadde spørsmål til vedtaka.

Vedtak

Styret tar oversynet til etterretning.

Vedtaket var samrøystes.

ST 16/14 Orienteringssaker

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Forvaltingssekretariatet orienterte om desse sakene.

1. Riksrevisjonen sin evaluering av regional forvaltning.
Presentasjon vart lagt fram av sekretariatet. Verneområdestyret var samstemte om at erfaringane frå SVR i stor grad er i samsvar med det Riksrevisjonen påpeikar. Det blei og påpeika at konfliktnivået hjå oss verkar å vere mindre enn i enkelte andre verneområde.
2. Forvaltingssekretariatet orienterte om arbeidet med Heiedagane 2014. Det vert arrangement for skulane i Kvinesdal, Åseral og Hægebostad i veke 25. I tillegg vil det bli arrangert ei heievandring i helga 20. – 21. juni. Sekretariatet bad om at det planlagde seminaret kunne flyttast til hausten på grunn av kollisjon med tre

andre sentrale seminar/konferansar. Styret støtta dette. Seminaret vil ha fokus på revisjon av konsesjonsvilkåra.

3. Forvaltingssekretariatet orienterte om arbeidet med tilrettelegging for informasjon/informasjonscenter. Arbeidsgrupper er godt i gang i Valle, Suldal og Sirdal. Dette arbeidet skal vere avslutta til sommarferien. Gruppene vil bli samla til eit felles møte rett over sommarferien for å legge rammene for ei felles innstilling til styret. Målsettinga er å legge fram eit forslag for styret på neste møte.
4. Forvaltingssekretariatet orienterte kort om framdrifta i arbeidet med eit notat til styret om nasjonalpark som verneform. Målsettinga er å legge fram eit notat på neste styremøte.

Vedtak

Styret tar orienteringane til etterretning.

Vedtaket var samrøystes.

ST 17/14 Godkjenning av utkast til Forvaltningsplan for SVR

Forvalters innstilling

Styret godkjenner framlagt utkast til Forvaltningsplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane med dei endringane som kom fram under drøftingane på styremøtet, og sender utkastet til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang.

Styret delegerer til AU å godkjenne og sende ut eit utkast til forvaltningsplan på offentlig høring, etter at Miljødirektoratet sine kommentarar er innarbeidd i planen.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i styremøtet

Alf Odden frå forvaltingssekretariatet innleidde til diskusjon med ein eigen presentasjon av arbeidet som er gjort, framdriftsplanar og særlege problemstillingar som sekretariatet ynskte at styret vurderte. Styret drøfta problemstillingane grundig og kom med fleire innspel som vil bli innarbeidd i planen før den vert sendt over til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang.

Oppsummering av innspela

1. Framdriftsplan
Framdriftsplanen er grei. Vi bør klare å sende planen på høyring før sommarferien. Høyringsfrist 1. november er akseptabelt.
2. Utsending av høyringsdokumentet
Planen bør i sendast digitalt til så mange som muleg. Kommunane må ta utskrift og legg planen ut til gjennomsyn. Dei som ynskjer det, kan i tillegg få tilsendt ein papirversjon. Brev om dette, saman med opplysningar om høyringsfrist, vert sendt alle grunneigarar og samarbeidspartnarar.

3. Nye inngrep i samband med kraftproduksjon og overføring
Styret drøfta formuleringane i avsnittet og ynskte at desse formuleringane vart tatt inn:
«Verneområdestyret kan tillate nye tekniske inngrep eller tiltak ved eksisterande installasjonar i verneområda når dei ikkje er i strid med verneføremål og verneverdiar. Verneområdestyret vil vere restriktive med å tillate nye tekniske inngrep i urørte område eller område som er viktige for villreinstamma.»

«Det er heller ikkje naudsynt med søknad for oppgradering og fornying av kraftlinjer for heving av spenningsnivå og aukiing av linjetverrsnitt når dette ikkje krev vesentlege fysiske inngrep som kan vere i strid med verneføremålet (jf. fotnote 12). Ved tvil om omfanget av tiltaket, må dette avklarast med forvaltningsstyresmakta på førehand.» (Kulepunkt 2 under retningslinjer.)
4. Arealgrenser for bygg
Verneområdestyret meiner arealgrensene bør vere slik dei no er formulert. Grensene er tydelege, i samsvar med arealgrensene i Heieplanen og tilpassa behova.
5. Motorferdsle til utleigehytter
Dette punktet gjeld i praksis berre helikoptertransport av proviant og utstyr i samband med jaktutleige. Styret meiner det er uproblematisk at løyve også kan tildelast dei som har langtidsleige av hytter. Dette er og i samsvar med slik vi har praktisert det.
6. Henting av felt storvilt med helikopter
Styret vurderer formuleringane i det føreslegne avsnittet som for generelle og vanskelege å styre etter. Styret meiner og det er naturleg at det i forvaltningsplanen kan utpeikast inntil tre lokalitetar for henting av felt villrein i kommunar der dette ikkje alt er innarbeidd i verneforskrifta. Transport frå desse områda skal vere søknadspliktig. Det verna arealet varierer frå kommune til kommune. Det må difor vere naturleg at det vert opna for inntil tre landingsplassar i kvar kommune. Styret meiner formuleringane frå det tidlegare framlegget til forvaltningsplan må takast inn att – jf. saksutgreiinga
7. Helikoptertransport til Kjerag
Styret er einig i at det bør opnast for to tidsvindauger for helikoptertransport til Kjerag i tråd med forslaget. Vilkårane for løyve er svært detaljerte og vil vere til hinder for misbruk.
8. Soneinndeling
Styret vurderer soneinndeling som mindre aktuelt sidan alle søknader må bygge på ei konkret vurdering av i kva grad tiltaket vil ha negativ verknad på verneformål og verneverdiar. Soneinndeling er difor ikkje nødvendig lenger.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 18/14 Forespørsel fra Sira-Kvina KS om alternativ saksbehandlingsrekkefølge for søknad om etablering av nytt elvekrftanlegg i SVR og Frafjordheiane

Forvalters innstilling

Behandling av utbyggingsplanene ved Storå skal følge normal saksgang. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane skal ha søknaden inn til behandling etter verneforskrift før det søkes om konsesjon til tiltaket, før tiltaket avklares etter "Samlet Plan" og før fastsetting og gjennomføring av konsekvensutredningsprogram.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i møtet

Jonny Liland bad om at styret vurderte habiliteten hans sidan han har permisjon frå stilling i Sira-Kvina. Han opplyste at han ikkje hadde vore involvert i arbeidet med denne saka. Styret diskuterte spørsmålet og vedtok samrøystes at Jonny Liland var habil.

Styret diskuterte saksutgreiinga og forslaget til vedtak. Jonny Liland sette fram forslag om at saka vart utsett slik at sekretariatet kan innhente meir informasjon om det er fare for presedensverknader ved ei alternativ saksgang.

Vedtak

Saka vert utsett.

Vedtaket var samrøystes.

ST 19/14 Søknad om tilskot til forprosjekt - DNT Sør - "Håheller utvikling"

Forslag til vedtak

Styret løyver 75 000 kr til forprosjektet «Håheller utvikling». Støtta til forprosjektet vert henta frå fond som styret disponerer.

Styret føreset at det vert organisert ei referansegruppe og at forvaltingssekretariatet, villreinnemnda og aktuelle kommunar og grunneigarar vert involverte i arbeidet.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i møtet

Styret diskuterte saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 20/14 Justering av verneforskrifta for SVR - preparering av skiløyper

Forslag til vedtak

Verneområdestyret viser til brev frå Klima- og miljøverndepartementet datert 16. januar i år om eventuell endring av verneforskrifta for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

I tillegg til løypene som er nemnde i AU-sak 40/14 vil verneområdestyret også be om at Fylkesmannen vurderer desse løypene i Åseral kommune:

- Ljosland – Stikebosshei
- Borteli – Pytten

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i møtet

Styret diskuterte saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 21/14 Søknad om dispensasjon til motorferdsel i SVR i samband med trening av fuglehundar

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Rune Ingebretsen løyve til å bruke snøskuter til transport i samband med trening av fuglehundar på Langelid i Valle kommune.

Transporten skal starte frå Tytingen Fjellgard og gå til stølsbua på Langelid. Løyvet gjeld for inntil åtte transportar per år. Løyvet gjeld fram til 30.4.2016.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i møtet

Styret diskuterte saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 22/14 Søknad om dispensasjon til nybygg i Grytdalen hyttefelt innenfor SVR landskapsvernområde- Gunn Ertevåg og Fredrik Waage, Sirdal kommune

Forvalters innstilling

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold, og med støtte i forvaltningsplan for SVR landskapsvernområde og *retningslinjer for byggetiltak innenfor sone fire i Grytdalen hytteområde*, får Gunn Ertesvåg og Fredrik Waage dispensasjon fra verneforskriften til realisering av ny fritidsbolig på gnr. 2 bnr. 48 i Grytdalen hyttefelt i Sirdal kommune.

Dispensasjon gis med følgende vilkår:

- Det må innhentes nødvendig byggetillatelse fra Sirdal kommune.
- Hytta skal ikke være større enn prosjektert i byggesøknad datert 13. mars 2014.
- Hyttas utforming, materialvalg og farge skal være i tråd med retningslinjene i for byggetiltak innenfor sone fire i Grytdalen hytteområde, utviklet av Sirdal kommune og behandlet av verneområdestyret i styresak 15/2006
- Byggearbeidet skal foregå så skånsomt som mulig.
- Alt avfall fra byggearbeidet skal fjernes i henhold til gjeldende regler og standarder.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggematerialer, utstyr og avfall, dersom det trengs utenfor åpen vei.
- Byggearbeidet må være ferdig innen 01.05. 2017.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i møtet

Styret diskuterte saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 23/14 Forslag til befaringsmål for verneområdestyret for SVR

Forvalters innstilling

Verneområdestyret vedtar å gjennomføre en befarings langs en av de to foreslåtte rutene i 2014, og velger en dato for turen. Verneområdestyret frigjør midlene slik at forvaltningssekretariatet kan fullføre konkret planlegging av turen.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i møtet

Styret diskuterte dei to alternativa.

Vedtak

Styret ynskjer at det vert arrangert ei synfaring til området ved Blåsjø/Steinbuskaret 2. – 4. september – jf. alternativ 1 i saksutgreiinga.

Vedtaket var samrøystes.

ST 24/14 Årsmelding 2013

Forslag til vedtak

Styret godkjenner årsmeldinga med dei merknader som kom fram i møtet og ber om at den vert sendt aktuelle kommunar, fylkeskommunar og samarbeidspartnarar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Handsaming i møtet

Styret hadde ingen merknader til årsmeldinga. Styreleiar må skrive eit forord og sekretariatet må syte for tilrettelegging og publisering.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 25/14 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 7.5.2014

Mikkel Emil Christensen sluttar som områdeforvaltar i juni. Han har vikariert for Guro Sødergren i 100 % stilling i 2013 og 50 % stilling i år.

Mikkel takka for samarbeidet med styret, og styret kvitterte med applaus for innsatsen gjennom eitt og eit halv år.